



Kommunane i Hordaland

Revidert nasjonalbudsjett 2018 og kommuneopplegget for 2019

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2018 og kommuneopplegget for 2019, jf. Prop. 88 S. I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med og «departementet» Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Endringar i det økonomiske opplegget for 2018

Deflator

Den pårekna lønsveksten for i år er justert ned frå 3,0 prosent i statsbudsjettet til 2,8 prosent i revidert nasjonalbudsjett. Deflatoren, som uttrykk for kostnadsveksten i kommunesektoren, er likevel uendra på 2,6 prosent, trass i nedjusteringa av lønsveksten. Det skuldast høgare prisvekst på varer og tenester, i hovudsak auka energiprisar. Løn tel om lag 2/3 i deflatoren.

Skatteinntekter

Lågare lønsvekst fører til lågare vekst i skatteinntektene for kommunesektoren. I revidert nasjonalbudsjett er pårekna skatteinntekter for kommunane reduserte med om lag kr 350 mill. Pårekna skattevekst i prosent for kommunane i år blir med dette redusert frå 1,3 prosent til 1,0 prosent.

Investeringsstilskot omsorgsplassar

Det er framlegg om å utvida løyvinga i år for investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar. Det har også i år vore stor søknadsinngang for å få investeringstilskot. Utvidinga i løyvinga vil gi grunnlag for å kunne gi investeringstilskot til om lag 700 fleire heildøgns omsorgsplassar enn lagt til grunn i statsbudsjettet. Løyvinga i statsbudsjettet ga grunnlag for investeringstilskot til om lag 1800 plassar, slik at det no vil kunne bli gitt tilskot til om lag 2500 heildøgns omsorgsplassar i år.

Det vil også omfatta rehabilitering av eksisterande gamle plassar, jf. omlegginga av ordninga frå 2021 til berre å omfatta netto vekst i talet på plassar. 40 prosent av ramma vil i år vere sett av til netto vekst i talet på plassar.

Tilskotssatsane av godkjent investeringsgrunnlag er uendra, det vil seie 55 prosent for sjukeheimsplassar og 45 prosent for omsorgsbustader med heildøgns omsorg.

Kompensasjon for gratis kjernetid i barnehage

I saldert budsjett for 2018 vart rammetilskotet til kommunane auka med kr 24,8 mill. i kompensasjon for heving av inntektsgrense for gratis kjernetid i barnehage. Det er framlegg om å auka denne løyvinga med kr 14,2 mill. som følgje av feil i opphavleg utrekning av kompensasjon.

Havbruksfondet

I samband med etableringa av eit nytt system for kapasitetsjusteringar i norsk lakseoppdrettsnæring, vart det i 2015 teke avgjerd om at 80 prosent av inntektene frå sal av ny produksjonskapasitet skulle bli gitt til kommunesektoren gjennom havbruksfondet. Midlane blir fordelte mellom alle kommunar og fylkeskommunar med oppdrettsverksemd, om lag 160 kommunar og 10 fylkeskommunar.

I 2017 var den samla utbetalinga kr 52,85 mill. for kommunane i landet og kr 7,55 for fylkeskommunane, det vil seie til saman kr 60,4 mill. I revidert nasjonalbudsjett for 2018 er pårekna utbetaling for dei aktuelle kommunane og fylkeskommunane til saman om lag kr 2,4 mrd.

I 2017 vart det fordelt midlar til 25 av kommunane i Hordaland, med til saman om lag kr 6,8 mill. Utbetalinga for kvar kommune i 2017 og høvetalet mellom samla pårekna utbetaling for 2018 (kr 2,4 mrd.) og samla utbetaling i 2017 (kr 60,4 mill.) kan gi eit overslag på fordelinga til kvar kommune i år. Det er stor uvisse knytt til dette overslaget. Det vil bli endringar frå dette overslaget i den endelege utbetalinga.

Den endelege fordelinga til kvar kommune kjem først til hausten.

Innføring av lærarnorm

Frå og med hausten 2018 blir det innført ein nasjonal lærarnorm på skulenivå 1. - 10.trinn.

Kommunane har frå 2015 motteke eit eige øymerkt tilskot til auka lærarinnsats på 1. - 4. trinn i grunnskulen, kapittel 226 post 63. Tilskotet har vore øymerkt lærarstillingar til undervisning og er fordelt etter delkostnadsnøkkelen for grunnskulen. Det er framlegg om at det noverande øymerkte tilskotet til auka lærarinnsats inngår i kompensasjonen til kommunane for innføring av lærarnorm. Kommunane vil framleis ha det øymerkte tilskotet til auka lærarinnsats ut kalenderåret 2018.

Løyvinga til lærarnorm vil, etter planen, bli innlemma i rammetilskotet i 2020. Midlane vil bli fordelte etter ordinære kriterium i inntektssystemet når delkostnadsnøkkelen for grunnskulen er revidert, i lys av nye forskrifter knytt til lærarnorm. Fram til denne innlemminga i rammetilskotet kjem, vil kompensasjonen til kommunane for innføring av lærarnorm bli gitt som eit øymerkt tilskot.

På bakgrunn av behovet for å tilsetje fleire lærarar, som følgje av innføring lærarnorm, er det for hausten 2018 løyvd kr 200 mill. i tillegg til det eksisterande tilskotet til auka lærarinnsats på 1. - 4. trinn. Det vil seie at samla løyving for hausten 2018 er kr 700 mill. (kr 500 mill. som del av eksisterande øymerkt tilskot pluss kr 200 mill. i auka tilskot). Det blir lagt opp til at kommunane skal få ytterlegare midlar i 2019, jamfør heilårsverknaden av auken i kompensasjon frå hausten 2018.

Kommuneopplegget for 2019 - generelt

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr 2,6 mrd. og kr 3,2 mrd. frå 2018 til 2019. Veksten er rekna frå det inntektsnivået for i år som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Pårekna inntektsnivå for i år er som nemnd redusert som følgje av lågare pårekna skatteinntekter enn lagt til grunn i statsbudsjettet. Pårekna inntektsvekst frå 2018 til 2019 er med andre ord frå det nedjusterte inntektsnivået i år.

Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2018 til 2019 vil kome som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Regjeringa gir med dette signal om kommunane sitt inntektsnivå i 2019. Dersom det pårekna inntektsnivået for i år er endra når statsbudsjettet blir lagt fram i oktober, vil også inntektsveksten bli justert i samsvar med dette.

Skatteøyret blir fastsett først i statsbudsjettet til hausten for å tilpassa skatteveksten til målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2018 til 2019 skal dekkja auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Auka utgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing. Det er i framlegget ikkje innarbeidd noko overslag for kor store desse meirutgiftene vil bli i 2019. Det skuldast uvisse knytt til befolkningsutviklinga. I 2017 vart befolkningsveksten vesentleg lågare enn tidlegare pårekna, både med omsyn til fødselsoverskot og netto innvandring.

Det er difor forventa at meirutgiftene i 2019 knytt til befolkningsutviklinga vil bli lågare enn i åra før 2018. SSB vil leggje fram nye befolkningsframskrivingar i juni d.å. På det grunnlaget vil det bli gjort overslag for meirutgiftene i 2019, som vil bli lagt fram i statsbudsjettet til hausten.

2. For kommuneforvaltninga kan pensjonskostnadene samla kome til å auka med om lag kr 650 mill. i 2019, utover det som blir dekt gjennom den ordinære priskompensasjonen av inntektene (deflatoren i statsbudsjettet). Kommunane sin del av det utgjør om lag kr 550 mill. Det er stor uvisse knytt til desse overslaga.

Utviklinga i pensjonskostnadene skuldast både høg lønsvekst og lågt rentenivå m.m.

3. Opptappingsplan for rus, kr 200 mill. Det er eit nytt trinn i opptappingsplanen med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020. Denne delen av veksten i dei frie inntektene er grunngeve med satsinga på rusomsorg. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektssystemet.

4. Opptrappingsplanen for habilitering og rehabilitering, kr 100 mill. Denne delen av veksten i dei frie inntektene er grunngeve med satsinga på habilitering og rehabilitering. Satsinga skal bidra til at brukarane kan ta imot gode tenester der dei er busette.

Kommunereform

Eingongstilskot

I kommunereform 2014 - 2017 vart det gitt to eingongstilskot ved kommunesamanslåing, etter standardiserte modellar. Det eine tilskotet vart gitt for eingongskostnader og utbetalt i 2017 etter at Stortinget hadde gjort vedtak om samanslåingar. Det andre eingongstilskotet blir gitt som reformtilskot og kjem til å bli utbetalt etter at samanslåingane har vorte sette i verk. Det vil seie i 2020.

I ny kommunereform for nye samanslåingar blir det lagt opp til å slå tilskot for eingongskostnader og reformtilskot saman til eit felles tilskot med felles tidspunkt for utbetaling.

I ny kommunereform blir eingongstilskotet utbetalt når samanslåing er stadfesta med nasjonalt vedtak. Tilskotsbeløp blir gitt etter ein standardisert modell, på grunnlag av talet på kommunar og innbyggjarar i samanslåinga :

I kroner	0 - 14999 innb.	15 - 29999 innb.	30 - 49999 innb.	Over 50000 innb.
2 kommunar	25 mill.	35 mill.	40 mill.	50 mill.
3 kommunar	35 mill.	45 mill.	50 mill.	60 mill.
4 kommunar	45 mill.	55 mill.	60 mill.	70 mill.
5 kommunar	55 mill.	65 mill.	70 mill.	80 mill.

Utbetaling av eingongstilskot vil i ny kommunereform for nye samanslåingar bli utbetalt etter kvart når vedtak om samanslåingar er gjort. Tilskot vil ikkje bli gitt innan tidsfristar, slik som i kommunereform 2014 - 2017.

Inndelingstilskot

Årlege inndelingstilskot i ny kommunereform for nye samanslåingar vil bli utrekna etter same prinsipp som for allereie vedtekne samanslåingar frå reformperioden 2014 - 2017. Årlege inndelingstilskot vil erstatta bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommunetilskot/-reduksjon distriktstilskot som følgje av samanslåing. Den nye kommunen vil ta imot fullt inndelingstilskot i femten år etter samanslåing, før tilskotet deretter blir trappa ned over fem år. Tilskot blir tillagt årleg priskompensasjon.

For allereie vedtekne samanslåingar i kommunereform 2014 - 2017 vil det årlege inndelingstilskotet, som blir utbetalt frå og med iverksetjing av samanslåing år 2020, vere basert på inntektssystemet i 2016. Det vil seie før endringane i inntektssystemet i 2017. Basistilskotet i

2016 var kr 13,2 mill. per kommune. I ny kommunereform for nye samanslåingar vil inndelingstilskotet bli berekna på grunnlag av inntektssystemet i det året samanslåinga trer i kraft.

Kompensasjon for redusert basistilskot og småkommunetilskot - overgangsordning (2017 - 2019)

I 2017 og 2018 er det gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som skal slå seg saman. Kompensasjonen blir gitt dersom kommunen mellombels (2017 - 2019) får redusert basistilskot og småkommunetillegg som følgje av omlegginga av inntektssystemet i 2017, før kommunen får inndelingstilskot frå og med år 2020. Denne kompensasjonen for aktuelle kommunar vart justert opp i saldert statsbudsjett for 2018 som følgje av redusert kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR frå 2017 til 2018.

Samla kompensasjon i 2018, om lag kr 300 mill. etter nemnde justering, blir vidareført på same nivå i 2019.

Regionsentertilskot

Tilskotet går til kommunar som slår seg saman når den nye samanslåtte kommunen vil bli meir enn om lag 8000 innbyggjarar. Det blir ikkje gitt regionsentertilskot til kommunar som mottek storbytilskot.

Regionsentertilskotet er fordelt mellom framtidige samanslåingskommunar med ein sats per samanslåing (60 prosent av ramma) og ein sats per innbyggjar (40 prosent av ramma). Fordelinga mellom kommunane i kvar samanslåing er gjort på grunnlag av innbyggjartalet.

Tilskotet vart innført i 2017. Ramma for tilskotet er utvida frå kr 100 mill. i 2017 til kr 200 mill. i 2018. Regionsentertilskotet blir vidareført i 2019.

Ufrivillig åleine

Det er for 2017 og 2018 gitt kompensasjon til kommunar som er blitt ståande ufrivillig åleine etter kommunereforma og som tapte på omlegginga av basistilskot eller småkommunetilskotet frå 2016 til 2017. Dei aktuelle kommunane får i 2018 kompensert i overkant av 40 prosent av det berekna tapet av omlegging frå 2016 til 2017.

I utrekninga av kompensasjon er det teke omsyn til kompensasjonen som blir gitt gjennom overgangsordninga INGAR. For 2018 er det teke omsyn til at nokon kommunar får lågare kompensasjon gjennom INGAR enn i 2017.

I 2018 er det gitt kompensasjon til to av kommunane i fylket, Stord og Kvam.

I 2018 er den samla ramma for denne kompensasjonen på landsbasis kr 40 mill. Det er framlegg om å redusera den samla ramma for kompensasjon til kr 20 mill. i 2019 og avvikla ordninga frå 2020.

Skjønstilskot

Basisramma blir fordelt av fylkesmennene mellom kommunane. Hordaland si ramme i 2018 er kr 122,5 mill.

Basisramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet blir redusert frå kr 1100 mill. i 2018 til kr 1000 mill. i 2019. Reduksjonen på kr 100 mill. blir overført til kommunane sitt innbyggjartilskot i inntektssystemet og i staden fordelt etter dei faste kriteria.

Det kan for 2019 også bli endring i fordelinga av ramma mellom fylkesmennene. Dessutan vil for 2019 ramma for Hordaland og Sogn og fjordane bli slått saman til ei felles ramme.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.

Inntektssystemet

Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjonen er 35 prosent av det skattenivået er under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem.

Overgangsordninga INGAR

Overgangsordninga med inntektsgarantilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn eit fastsett beløp per innbyggjar (grenseverdien) frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon er no kr 400,- per innbyggjar. Det vil m.a.o. vere den delen av utviklinga i rammetilskot frå det eine året til det neste året som er meir enn kr 400,- per innbyggjar svakare enn landsgjennomsnittet som blir kompensert.

INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot. INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerkte tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre og psykisk utviklingshemma), bortfall av småkommunetillegg og nedgang i distrikttilskot.

Telletidspunkt

Telletidspunkt for innbyggjartal og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga vil vere 01.07. i år som grunnlag for rammeoverføring i 2019. For inntektsutjamninga i 2019 er telletidspunktet innbyggjarar per 01.01.2019. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling blir telletidspunktet 01.01.2018 for rammeoverføring i 2019.

Veksttilskot

Veksttilskotet blir gitt til kommunar som har hatt ein årleg befolkningsvekst dei siste tre åra høgare enn 1,4 prosent (gjennomsnitt per år). Hordaland har fleire kommunar med høg folkevekst, særleg i omlandet til Bergen. Tilskotet er difor viktig i fylket.

Veksttilskotet blir gitt med eit fastsett beløp per innbyggjar utover vekstgrensa.

Distrikttilskot utanom småkommunetillegg

Distrikttilskotet skal ivareta kommunar i Sør - Noreg med svak samfunnsmessig utvikling. Det blir gitt til kommunar som har ein distriktsindeks på 46 eller lågare.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet, i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Den eine delen av tilskotet blir gitt med ein sats per kommune og den andre delen av tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjar. Begge delane av tilskotet blir gradert på grunnlag av distriktsindeksen slik at lågare indeks gir større tilskot.

Småkommunetillegg

Småkommunetillegget blir gitt til kommunar med under 3200 innbyggjarar. Tilskotet er frå og med 2017 gradert på grunnlag av distriktsindeks. Jo høgare distriktsindeks, jo høgare trekkprosent i høve til fullt tilskot. Dei kommunane som har lågast indeks får ikkje noko trekk i høve til fullt tilskot.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet, i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Trekk i 2018:

Fitjar	trekk 50 %
Tysnes	trekk 30 %
Jondal	ikkje trekk
Ulvik	ikkje trekk
Granvin	ikkje trekk
Samnanger	trekk 50 %
Austrheim	trekk 50 %
Fedje	ikkje trekk
Masfjorden	trekk 40 %

Distriktsindeks

Departementet legg opp til at noverande distriktsindeks (oppdatert med tal for 2017) blir vidareført ved fordelinga av distriktstilskot og småkommunetillegg i 2019. Departementet vil vurdera nærmare bruken av distriktsindeksen ved fordelinga av desse tilskota i inntektsystemet. Departementet vil kome attende til dette i kommuneproposisjonen for 2020, i mai 2019.

Utgiftsbehov

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane få full kompensasjon for skilnader i kostnader som dei ikkje sjølve kan påverka. Grunnlaget for omfordelinga i utgiftsutjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar for landsgjennomsnittet og for den einskilde kommune.

Departementet gjer framlegg om at samla utgiftsbehov for kommunane frå og med 2019 blir berekna på grunnlag av konsernrekneskapstal og ikkje, som til no, på grunnlag av rekneskapstal for kommunekassen. Konsernrekneskapstal vil i tillegg til tal for kommunekassen også omfatta kommunale føretak (KF) og interkommunale selskap (IKS).

Statsbudsjett 2019

Statsbudsjettet blir lagt fram måndag 8. oktober d.å.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.